

## Ønskjer du ein spennande og lærerik arbeidsplass i Europas største pukkverk? Då er du velkommen til å søkje stilling i vår bedrift.

Norsk Stein Jelsa treng fleire dyktige medarbeidarar og søker derfor etter:

### Maskinførar

til maskinkøyring og anna førefallande arbeid i logistikkavdelinga i bruddet.

#### Arbeidet vil bestå av:

Hovudsak dumperkøyring til og frå knusar. I tillegg køyring av andre maskinar. Formiddagsveka vil det vere vedlikehald av produksjonsanlegg.

#### Me ønskjer deg som har erfaring frå tilsvarende arbeidsoppgåver:

- Har førarkort (kl. B eller C).
- Relevant kompetansebevis som maskinførar (M2 M3 M4 M6).
- Erfaring frå industri og/eller entreprenør.
- Er engasjert, strukturert og har gode samarbeids eigenskapar.
- Har godt humør og god helse.
- Har høgt personlig HMS fokus.
- Har stå-på-vilje og er eit arbeidsjern.
- Interesse for maskinkøyring og mekanisk arbeid.
- Sjølvstendig.
- Skandinavisk talande.

#### For stillinga gjeld:

- Arbeidstida er primært skift, 5-skift.
- Du bør ha evna til å jobbe planmessig, effektivt og vere fleksibel.

Me har store og relativt nye maskinar, eksempelvis CAT 777, Komatsu 785-7, CAT 992, CAT 390 og Volvo 750.

For meir informasjon kan du ta kontakt med: Siv Krane Rodahl eller Tommy Lorentzen, tlf. 52 79 29 00

### Formann vedlikehaldsavd.

#### Avdelinga har ansvar for:

- Optimal planlegging og tilrettelegging av vedlikehaldsarbeidet.
- Høgt sikkerheitsnivå og kvalitet på det utførande arbeidet.
- Bidra til å redusere kostnader
- Bidra til eit godt samarbeid i avdelinga og med andre avdelingar

Stillinga rapporterer til Avdelingsleiar Vedlikehald.



Norsk Stein AS avd. Jelsa har Europas største anlegg for produksjon av tilslag til asfalt og betong, vegbygging og offshorekonstruksjonar. Me er lokalisert i Suldal kommune, er 183 tilsette og 11 lærlingar og har ein årsproduksjon på over 11 mill. tonn. Sjå: <http://www.mibau-stema.com>

#### Arbeidsoppgåver:

- Mannskapsfordeling for dagtid og 5-skift.
- Ansvarleg leiar for reparatørane, sette i verk og følge opp arbeid
- Sjå til at nødvendige prosedyrar og rutinar vert følgt
- Ivareta helse, miljø og sikkerheit, det skal vere ein naturleg del av arbeidet.
- Delta i forbetningsaktivitetar.
- Rapportering i vedlikehaldssystemet View.

#### Me ønskjer deg som har erfaring frå tilsvarende arbeidsoppgåver frå industri- eller produksjonsbedrifter med:

- Relevant fagbrev (mekanisk)
- Teknisk fagskule (eller tilsvarende)
- God fagkompetanse
- Førarkort kl. B

#### Personlege eigenskapar:

- Gode leiareigenskapar
- Gode samarbeidsevner
- Gode mellommenneskelege eigenskapar, bidra til å skape eit godt fagleg miljø
- Gode kommunikasjonsevner på norsk, både munnleg og skriftlig
- Gode haldningar, gå framføre som eit godt eksempel
- Strukturert og ryddig
- Arbeidssam og engasjert
- Effektiv og løysingsorientert
- Kvalitetsbevisst og resultatorientert.
- Det er ein fordel om søkjaren har erfaring frå bruk av IT-baserte styring- og rapporteringssystem.

Opplæring vil bli gitt til motiverte søkjarar som ikkje oppfyller krav til kompetanse og erfaring. Arbeidstida er dagtid.

#### Me tilbyr:

- Hyggelege medarbeidarar i et trivelig og godt fagleg arbeidsmiljø.
- Gode moglegheiter til fagleg og personleg utvikling.
- Gode og trygge arbeidsforhold.
- Gode pensjons- og forsikringsordningar.
- AFP bedrift.
- Opplæring vil bli gitt til motiverte søkjarar som ikkje oppfyller krav til kompetanse og erfaring.

Me ønskjer mangfald blant våre tilsett og ønskjer søkjarar uavhengig av kulturell bakgrunn, kjønn og alder.

#### Søknad med CV sendast innan 14.06.18 til:

Norsk Stein AS v/Personalavdelinga  
Jelsavegen 512  
4234 Jelsa  
Eller på e-post: [post@norsk-stein.no](mailto:post@norsk-stein.no)

